

Ein som har mynde

Matteus 8,1–9,38

I kapittel 8 og 9 møter vi Jesus som utfører mektige gjerningar, dei fleste av dei helbredingar. Der kan seiast å vere i alt 10 slike mektige gjerningar. Dei kjem i grupper med 3, 3 og 4, med litt undervisning om disippelskap eller lærlingskap innimellom.

Den nye Moses

Etter å ha helde Bergpreika, kjem Jesus ned frå fjellet der denne vart helda. Dette kan vere meint som ein parallell til Moses, som kom ned frå fjellet med lovtavlene. Dei 10 mektige gjerningane kan også sjåast som eit motstykke til dei 10 landeplagene som på Moses si erklæring vart sende over Egypt. Jesus er den nye Moses.

Jesu mynde

Kapittel 7 avslutta med at folket opplevde Jesus si undervisning som myndig. Han underviste med mynde. No skal han lækje og gjere andre undergjerningar med mynde, og også tilgje synd med mynde. Han viser sitt mynde i ord og gjerning.

Jesu mynde står i kontrast til myndet til offisielle styresmakter. Deira mynde er typisk noko påtvunge og uynskt av folket, og det er sikra med soldatar og våpen. Jesus har ingen maktmidlar, men hans mynde vert anerkjent av folket, folket gjev det legitimitet. Det er ikkje eit mynde *over* nokon, men eit mynde til å heile og lækje, å gjere noko med vondskap og liding i verda.

Jesus henvender seg til dei små i samfunnet, ja, ofte til folk som kan seiast å stå *utanfor* samfunnet. Sjølv står han utanfor offisielle makt-strukturar. Men folket si anerkjenning av han provoserer dei som er del av desse makt-strukturane. Det underminerer deira eigen posisjon. Så dei søker å diskreditere han. Dei ser det som blasfemi når han tilgjev synder. Dette kan berre Gud gjere, og sjølve har dei eit system for det. Men Jesus går utanom

systemet deira. Dei seier også, når han driv ut vonde ånder, at han gjer dette ved hjelp av djevelen – ein absurd påstand. Men så langt er dei villige til å gå.

Også i dag er verda full av autoritetar som er påtvungne med makt, og som utøver undertrykkjing og vald og bryt menneskerettane. Jesus demonstrerer ein heilt annleis autoritet. Den har ingenting å gjere med vald og menneskerettsbrot. Det er ein autoritet til å hjelpe og heile, til å vise miskunn og utøve rettferd. Det er den slags autoritet vi treng i dag også.

Jesu inkludering

Jesus er her vist i kontakt med fleire forskjellige grupper som dei jødiske leiarane såg ned på, ja, kanskje ikkje ville ha noko med å gjere. Her er ein spedalsk, som vart betrakta som urein, og som levde utanfor samfunnet elles. Her er ein romersk offiser, som er hedning og ein representant for okkupasjonsmakta. Her er ei kvinne, Peter si svigermor, og kvinner stod mykje lavare enn menn i dette samfunnet. Her er heidningar frå Gadarenar-landet, med to menn som hadde vonde ånder og levde i gravholer. Her er ein lam mann, som ikkje kan arbeide og brødfø seg sjølv. Og Jesus kallar Matteus til å verte lærling, ein tollar og dermed ein kollaboratør med okkupasjonsmakta. Her er ei kvinne som hadde blødningar, og som dermed også var urein og som ingen måtte røre ved. Her er ei død jente, og å røre ved dei døde gjorde ein også urein. Og der er to blinde, som då heller ikkje kan brødfø seg sjølve.

Jesus er villig til å inkludere alle desse.

Han rører ved dei ureine, men i staden for at han sjølv vert urein, vert dei ureine reine. Hans reinskap smittar over på dei, i staden for deira ureinskap på han.

Og han inkluderer menneske som ikkje er jødar, og varslar dermed at riket frå himmelen er for alle menneske. Skiljet mellom jødar og heidningar vert brote ned.

Jesus let menneske stå opp til nytt liv

Dr Case-Winters kommenterer det greske verbet «egeiró» («ἐγείρω»), å verte reist opp eller stå opp. Dette vert brukt fleire gongar i Matteus-evangeliet om

Jesu eiga oppstode. Det vert også brukt fleire gongar i desse to kapitla om dei forskjellige menneska som Jesus møter. Når Peter si svigermor vert frisk, står ho opp for å tene Jesus. Til den lame mannen vert det sagt at han skal stå opp og gå; og det gjer han. Den døde jenta står opp, både ved at ho får livet tilbake og ved at ho bokstaveleg reiser seg.

Jesus gjev på ein måte menneske «nytt liv», ikkje nødvendigvis bokstaveleg, men ved at liva deira vert drastisk forandra til det betre.

Litt meir om dei enkelte avsnitta

Den spedalske (8,1–4)

Spedalske hadde ikkje berre ein frykteleg sjukdom, men måtte bu for seg sjølv, utanfor samfunnet elles. Dei måtte praktisere streng sosial distansering. Jesus syrgjer ikkje berre for at den spedalske vert frisk, men også for at han vert tilbakeført til samfunnet. Til det siste seier Jesus at den spedalske skal bruke dei lovpålagde prosedyrene for dette. Jesus både overheld lova – når det tener til det gode – og bryt lova når det er meir miskunnsamt.

Den romerske centurionen (8,5–13)

Ein centurion er ein som befalar over ei avdeling på 100 soldatar. Som romar var han ein heidning, og dermed ein ikkje-truande. Men her vart han gjort til eit eksempel på tru, og det vert indirekte til ein kritikk av trua til dei som er jødar. Det står blant anna i kontrast til lærlingane si tru. Når dei er ute i båt i stormen, kritiserer Jesus dei for å ha lite tru.

Peter si svigermor (8,14–17)

I historia med Peter si svigermor, er det verken ho eller nokon andre som kjem og bed Jesus om hjelp. I staden er det Jesus som ser henne og hennar behov. Jesus har fokus på menneske.

Jesus lækjar deretter mange andre. Og Matteus knyter dette til ein tekst frå Jesaja. Dermed får han igjen snakka om korleis Jesus oppfyller profetiar og Messias-forventningar, eit tema som er viktig for Matteus. Og samtidig vert

Jesus knytt til det som er kalla «Herrens lidande tenar», som vi møter fleire gongar i andre del av Jesaja-boka.

Jesus må ha fyrsteplassen (8,18–22)

Etter dei 3 fyrste mektige gjerningane får vi nokre ord om kor krevjande det er å vere Jesu lærling. Jesus må ha fyrsteplassen. Orda han brukar er veldig sterke, og særleg orda til han som ikkje får gravleggje far sin, har vore forsøkt dempa ned; men forsøka har ikkje vore veldig overbevisande.

Jesus stiller stormen (8,23–27)

Den neste historia er ikkje om lækjedom, men om eit naturunder. Jesus demonstrerer at han har ei makt lik Skaparen si makt.

Matteus har kanskje også tenkt at dette er ei likning om den kristne forsamlinga, og korleis det kunne «storme» rundt den. Forsamlinga sin veg er «stormfull», men Jesus er med dei i «båten», og dei skulle ikkje vere redde.

Lærlingane er naturlegvis forbløffa over Jesu makt, og dei spør: «Kven er dette?»

Dei to som hadde vonde ånder (8,28–34)

Ved å krysse Genesaret-sjøen, kjem Jesus og lærlingane hans til eit område med ikkje-jødar. Vi ser at dei held svin, noko jødar ikkje ville ha gjort.

Her er to menn som hadde vonde ånder. Og åndene gjev svaret på kven Jesus er: Dei kallar han «Guds son».

Åndene er redde for Jesus. Dei kjøpslår med han, og han viser miskunn til og med mot vonde ånder!

Med grisane derimot, går det ikkje så bra, og det er forståeleg at folket der ikkje er så begeistra for det.

Den lamme mannen (9,1–17)

Jesus lækjer ein lam mann. Her gjer Jesus det overraskande trekk å starte med å erklære at mannen sine synder er tilgjevne. I folk flest sin tanke var det samanheng mellom synd og sjukdom. Dermed skulle det også vere ein

samanheng mellom tilgjeving og lækjedom. Og Jesus følgjer då også opp med å lækje, og erklærer at dette viser at han har makt til å tilgje.

Reaksjonane er delte. Dei skriftlærde mislikar det, trass i det gode som skjedde med mannen. Dette synest ikkje å betyde noko for dei. Men det gjer det for folket elles. Dei er begeistra. Og dei uttrykkjer ikkje berre begeistring over det som har hendt, ikkje berre begeistring over Jesus, men over at menneske får lov å utrette noko så godt.

Jesus kallar Matteus (9,9–17)

Etter desse 3 ytterlegare undergjerningane, får vi på nytt nokre ord om lærlingeskap. Jesus kallar Matteus til lærling, for deretter å feste saman med han og fleire andre som farisearane ser ned på. Så dei kritiserer han for det. Og Jesus siterer eit vers som synest å vere viktig for han, frå profeten Hosea (Hosea 6,6). «*Det er miskunn eg vil ha, ikkje offer*». Jesus skal bruke dette igjen i kapittel 12, når lærlingane plukkar korn på kviledagen. «Offer» synest for Jesus å stå for å avvise menneske og deira behov. Det er det motsette av kva han ynskjer å gjere.

Dotter til Jairus og kvinna som tok i Jesu kappe (9,18–26)

Kvinna som hadde blødingar, var også ein som måtte holde avstand til andre, og kunne ikkje vere med på samankomstar med andre. Ho vågar ikkje snakke til Jesus, men har likevel ei tru på at han kan hjelpe. Og ho vert nok eit eksempel på tru.

Så kjem Jesus heim til Jairus, som har ei død datter. Ho er tydelegvis verkeleg død, for syrgjehøgtida er i full gang når Jesus kjem dit. Men Jesus kan til og med reise opp dei døde, noko som peikar fram mot hans eiga oppstode.

To blinde og ein stum (9,27–34)

Jesus lækjer ytterlegare nokre som er blant dei forkomne i samfunnet. Særleg dei blinde var veldig avhengige av andre si hjelp. Jesus viser si medkjensle; samtidig prøvar han å begrense kven som får vite om dette. Case-Winters kallar det «the messianic secret», «den messianske løyndom». Men det let seg ikkje halde løynt, ryktet sprer seg uunngåeleg.

Grøda er stor (9,35–38)

Denne delen avsluttar med nokre ord som er nesten maken til orda på slutten av kapittel 4, om korleis Jesus går omkring og forkynner og lækjer. Og vi får høyre noko om Jesu motivasjon for det han gjer: han omtalar folket som nokre som er forkomne og hjelpelause, som han har inderleg medkjensle med. Dei er utan hyrde, for dei som skulle ha vore hyrdar – dei religiøse leiarane – gjer ikkje jobben sin. Behova er store, og det trengst fleire enn Jesus sjølv til arbeidet. Dermed får vi ein overgang til neste kapittel, der lærlingane vert sende ut for å gjere det same som Jesus gjer.

